

## Rapport og rekneskap – «Introduksjon til aktivitet»

Stord kommune – desember 2017

Saksnummer: 2017/121

Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom, Kultur- og idrettsavdelinga, Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Tilskotet frå Hordaland fylkeskommune har blitt nytta til eit samarbeidsprosjekt mellom BUA Stord og lokale lag og klubbar i Stord kommune. BUA Stord er eit utstyrsbibliotek etablert som eit samarbeid mellom Frisklivssentralen og Frivilligsentralen i kommunen. Dei tilbyr gratis utlån av aktivitets- og friluftsutstyr. Målet er at fleire barn og unge skal få høve til å prøva ulike aktivitetar, samt auka deltaking i aktivitetar for barn og unge. Dette ynskja me å utvida med eit samarbeid med lokale lag og organisasjonar, der klubbane stod for aktiviteten medan BUA Stord støtta dei med marknadsføring, utstyr og andre mindre utgifter. Aktivitetane klubbane arrangerte kunne for nokon vera eit jamleg gratis tilbod om aktivitet, medan for andre ein introduksjon til ein ny aktivitet dei gjerne ville fortsetja med.

Med utgangspunkt i laga og organisasjonane som er medlem i Stord idrettsråd fekk alle ein e-post med invitasjon til å delta i det me kalla «Aktivitetsdagar». Her kunne dei ulike organisasjonane invitera barn og unge med i aktiviteten deira for å visa kva aktiviteten deira gjekk ut på. Ein kunne sjølv velja om aktiviteten skulle gå over ein eller fleire dagar, og om deltakarane vart invitert med i dei ordinære treningstidene eller om ein laga eit eige opplegg for aktivitetsdagen.

### Innledning

Seks klubbar ynskja å vera med på aktivitetane. Det var Stord Undervannsklubb, Stord karateklubb, Stord tennisklubb, Stord ski, Stord Skeiser og Stord Tinde- og klatreklubb. Alle klubbane fekk sjølv velja organisering av aktiviteten, kva aldersgruppe dei ynskja å invitera med og kor mange dei hadde kapasitet til å ta i mot. Dei hadde òg ansvar for sjølve aktiviteten, borna som deltok og talet på born i høve til vaksne.

Samstundes med at aktivitetar skulle sette i gang i haust så kom en i kontakt med personer som ønsket å starte opp med sjakk. Dette er nå blitt til Stord Sjakkklubb som held til i same lokaler som BUA-Stord og Frivilligsentralen. Her er det aktivitet kvar torsdag med opp til 16 personer som deltar. Vi har saman med dei annonsert den nye aktiviteten som er open for deltakere i alle aldre.

BUA Stord (Frivilligsentralen og Frisklivssentralen) hadde ansvar for annonsering av aktivitetsdagane, påmelding, innkjøp av utstyr og transport. Då det var manglane moglegheiter for å leiga utstyret konverserte me med Hordaland fylkeskommune om at utstyret kunne kjøpast inn i staden. Utstyret vert oppbevart i BUA Stord, som alle innbyggjarane i kommunen har høve til å låna gratis ved seinare anledningar. Dette gjer at både deltakarane i prosjektet (i tillegg andre), enklare kan prøva ut aktivitetane fleire gonger seinare.

Aktivitetane gjekk stort sett etter planen. Sett vekk i frå to avlysingar på grunn av vêr og stengte lokale har alle aktivitetane blitt gjennomført. Aktiviteten med Stord skeiser vil avholdes etter at denne rapporten er sendt inn. Når me ser tilbake på prosessen frå start til slutt, er den gjennomført på den måten me såg føre oss. Det har vore tilbod om gratis aktivitet for barn og unge minimum ein gong i veka i nærare to månadar. BUA Stord var

til stades på alle tilstellingane til dei ulike klubbane med informasjon og om BUA Stord og utdeling av BUA-effektar og frukt.

## Målrealisering

Målet for prosjektet var å introdusera barn og unge for nye aktivitetar. Det var òg eit mål at fleire skulle bli aktivisert gjennom jamleg aktivitet, i tillegg til å gi klubbane høve til å rekruttera nye medlem.

Då det var fleire mindre litt ukjente klubbar som ynskja nye medlem til klubben sin, var det mange barn og unge som fekk prøva ein heilt ny aktivitet. BUA Stord ynskjer å visa breidda av aktivitetar som finnes, og det meiner me at me fekk gjort når så mange ulike klubbar inviterte barn og unge med på deira aktivitet.

Antal deltakarar i kvar aktivitet:

Aktivitet	Antal Deltakarar
Klatring	3
Tennis	13
Ski	7
Karate	15
Undervannsaktivitet	4
Skøyter	Ikkje avholdt enda
Sum antal Deltakarar	42

Me ynskja òg at aktivitetsdagar skulle vera eit jamleg tilbod for nokon som gjerne ikkje hadde ein fast aktivitet dei gjekk på, medan for andre kunne dette vera eit tilbod om å prøva ein ny aktivitet som dei kanskje kunne tenka seg å forsetja med. I høve til deltakarlistene har me sett at fleire av dei påmeldte har vore med på fleire aktivitetar. Det kan tyda på at dei ikkje har ein aktivitet dei går på til vanleg og/eller at dei ynskjer/treng eit gratis aktivitetstilbod. Me har mellom anna hatt godt oppmøte frå eit mottak for mindreårige flyktningar. Fleire som berre har vore påmeldt til ein eller to aktivitetar har uttrykt at dei er på leit etter ein ny aktivitet dei vil driva med på fast basis, og at dette var eit godt høve til å prøva ein aktivitet dei lenge har vore interessert i.

Med denne oppsummering er me nøgd med målrealisering i høve til at rundt 40+ barn og unge deltok på dei ulike aktivitetsdagane. Nokon fekk prøva ein ny aktivitet som dei gjerne kunne tenka seg å starta med på fast basis, medan andre nytta aktivitetsdagane som eit jamleg gratis tilbod.

## Oppsummering av prosjektarbeidet/erfaring frå metoden

På grunn av endringar i stillingar etter søknaden vart sendt og sjukemeldingar i løpet av hausten, kom me noko seint i gong med arbeidet med aktivitetsdagane. Men då arbeidet vart satt i gong, var det gjennomført på ein effektiv og god måte. Det var god kommunikasjon mellom BUA Stord og dei lokale klubbane. Erfaringar tilseier at det gjerne er dei mindre klubbane som såg verdien av å arrangera slike aktivitetsdagar for

barn og unge. Dei hadde små eller ingen behov for støtte i høve til leige av lokale, mat og likande. Dei hadde ei genuin interesse av å visa barn og unge kva aktiviteten deira gjekk ut på, og alle klubbane som me har snakka med har vore nøgde med opplegget. Fleire har uttrykt at dei gjerne kunne tenka seg å vera med på liknande tilstelling til våren att. Deltakarane har òg komme med positive tilbakemeldingar, og synes det var eit godt høve til å bli kjend med ein ny aktivitet heilt utan at det kosta noko.

To av dei planlagde aktivitetsdagane måtte avlysast på grunn av kuldegrader og is når ein skulle stå på rulleski og på grunn av stengt symjehall før jul.

Det har vore påmeldte til alle aktivitetane, men ingen av aktivitetane har vore heilt «fullbooka». Her kunne gjerne BUA Stord gjort ein enno betre marknadsføringsjobb. Facebook og lokalavisa har blitt nytta til marknadsføring, i tillegg til at informasjon om aktivitetane har blitt sendt ut til alle skulane, samt andre tenester i kommunen som er i kontakt med barn og unge i målgruppa. I høve til informasjonsspreiing innad i kommunen, kunne nok BUA Stord tatt meir direkte kontakt med dei ulike tenestene og skulane for å sjå til at informasjonen kom ut til flest mogleg.

## Kostnadar og rammer

Me fekk eit tilskot på 50 000 kr, som var halvparten av det me søkte om. Med det måtte me gjera nokre justeringar i høve til økonomien i prosjektet. Da en kom i kontakt med lagene så en også at det var en stor interesse for å bidra til aktivitetene skulle bli arrangert. Lønn eller godtgjørelse var derfor ikke et spørsmål men utstyr til aktivitetene kom opp som noe som ville bidra til mer aktivitet og et varig samarbeid mellom BUA og lagene. Eit anna moment var at det ikkje fantes utlånsmoglegheiter i høve til utstyr. På bakgrunn av momentane over så tok en kontakt med Hordaland Fylkeskommune for rådføring for disse endringane i budsjettet. Etter å ha fått forståing og klarsignal frå Fylkeskommunen så gikk en til innkjøp av utstyr som etter arrangerte aktiviteter vil være tilgjengeleg for utlån i BUA Stord. BUA Stord er eit gratis utlånsbibliotek for alle innbyggjarane i kommunen. Med det kan deltakarar på aktivitetsdagar og andre komma å låna utstyr som gjer terskelen for deltaking i aktivitetar lågare.

Under ser ein to tabellar, eit for inntekter og eit for utgifter. På alle aktivitetane vart det delt ut frukt i høve til aktivitetane. Stord tennisklubb arrangerte ein eigen aktivitetsdag for deltakarane og inviterte alle på pizza etter aktivitet. Dei leigde òg hall til aktiviteten. Elles er det mindre transportutgifter for skyss av deltakarar og ein instruktør. Utgiftene syner korleis tilskottet er nytta.

<b>Inntekter</b>	<b>Beløp</b>
Kommunale driftsmidlar (straum, husleige, arbeidstimar)	30 000
Dugnad	20 000
Tilskot	50 000
Refusjon moms	10 000
<b>Totale inntekter</b>	<b>110 000</b>

<b>Utgifter</b>	<b>Beløp</b>
Mat (pizza, frukt og saft)	1 500
Marknadsføring (annonse i lokalavis)	7 500
Transport	1 222
Leige av lokale	220
Utstyr (rulleski, klatreselar, skeiser, vådraktar, sjakkbrett og sjakkur)	49 328,55 (Mva. blir refundert)
Kommunale driftsmidler	30 000
Dugnad	20 000
<b>Totale utgifter</b>	<b>109 770,55</b>

## Konklusjon

### BUAktivitet som modell

I tilsagnet om midler så blir ein utfordra til å tenke modellutvikling for overføring til andre kommunar. BUA Stord har som mål og ambisjon om å bli ein samarbeidspartner med alle lag organisasjonar om å gi eit tilbod til barn og unge som frå før ikkje er aktive, eller som ønskjer å prøve ny aktivitet. Vår modell består av BUA, som utstyrsbibliotek, og de ulike lagene. BUA organiserer og administrerer påmelding og informasjon om aktivitetene før de ulike lag gjennomfører sin aktivitet. Me ser dette samarbeidet som naturleg da BUA, med sitt utstyr, har i sitt mandat å låne ut utstyr til barn og unge for at de skal kunne delta. Ved hjelp av BUAktivitet klarer me å følgje dei vidare også i aktiviteten. Tilhørigheta dette skapar håper me skal bidra til at fleire kjem i aktivitet og at mengde utstyr i hyllene minker pga auka utlån.

Aktivitetsdagar har vore eit vellukka prosjekt og tiltaket ynskjer me å vidareføre som modellen BUAktivitet. Initiativet til samarbeid har blitt godt mottatt både av lokale lag og organisasjonar, barn og unge med foreldre samt lokalsamfunnet elles. Me har allereie fått fleire førespurnadar om å ta opp att aktivitetsdagar til våren, noko me òg er positive til. Det er viktig for BUA Stord å ha eit godt samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Me kan tilby gratis utlån av utstyr, samt organisering av aktivitetsdagar, medan klubbane kan tilby barn og unge aktivitetar. Ved vidareføring av aktivitetsdagar vil me jobba meir med ein enno tettare dialog med tenester som møter barn og unge i målgruppa.

Eksempler på informasjon/annonsering:



**BUA Stord**

Published by Oda Totland Bongom [?] · December 8 at 12:40pm · 🌐

Me vil takka Hordaland fylkeskommune som har bidrege slik at kjekke aktivitetsdagar kunne gjennomførast saman med lokale lag og klubbar! Aktivitetsdagane er framleis ikkje over, sist ut er Stord karateklubb tysdag 12. desember. Meld på ved å sende SMS med namn og alder på deltakar, samt namn på føresettt og telefonnummer til 91795664! Karateklubben ynskjer gjerne at born og vaksne vil prøva karate saman, så her kan alle bli med!

## Har du lyst prøva ein NY AKTIVITET?

Me ynskjer å invitera barn, unge og foresette med på aktivitetsdagar. Meld deg og/eller barnet ditt på den eller dei aktivitetane de ynskjer å delta på. Alle aktivitetane er gratis. Påmelding på SMS til 414 05 425 /917 95 664 med aktivitet, namn på deltakar, alder, samt namn og telefonnummer til foresett.

*Velkomen til kjekke aktivitetsdagar!*

### OVERSIKT AKTIVITETAR

Date - Klubb	Aktivitet	Tidspunkt	Stad	Altersgruppe
Tysdag 21. november Stord Ski	Rulleski	kl. 18.00-19.00	Prestegardskogen, Nordbygdo	8 år-12 år
Lørdag 25. november Stord Tennisklubb Stord Tennisklub.	Introduksjon til tennis Introduksjon til tennis	kl. 14.00-15.00 kl. 15.00-16.00	Rackethallen, Vikahaugane Rackethallen, Vikahaugane	10-14 år 15-18 år
Tysdag 28. november Stord Ski	Rulleski	kl. 18.00-19.00	Prestegardskogen, Nordbygdo	8-12 år
Måndag 4. desember Stord Undervanns-klubb Stord Undervanns-klubb	Organiserte aktivitetar i basseng Organiserte aktivitetar i basseng	kl. 19.00-20.00 kl. 20.00-21.00	Symjehallen i Kulturhuset Symjehallen i Kulturhuset	10-13 år 13-18 år
Tysdag 12. desember Stord Karateklubb	Introduksjon i karate	18.00 til 19.00	Gymsalen på Tjødnalio skule Gjerne born og vaksne som ynskjer å prøva saman	Opent for alle.
Måndag 18. desember Stord Undervanns-klubb Stord Undervanns-klubb	Organiserte aktivitetar i basseng Organiserte aktivitetar i basseng	kl. 19.00-20.00 kl. 20.00-21.00	Symjehallen i Kulturhuset Symjehallen i Kulturhuset	10-13 år 13-18 år



Photos from BUA Stord's post in Aktivitetsdagar!


# Har du lyst prøva ein NY AKTIVITET?

Me ynskjer å invitera barn, unge og føresette med på aktivitetsdagar. Meld deg og/eller barnet ditt på den eller dei aktivitetane de ynskjer å delta på. Alle aktivitetane er gratis. Påmelding på SMS til 414 05 425 /917 95 664 med aktivitet, namn på deltakar, alder, samt namn og telefonnummer til føresett.

*Velkomen til kjekke aktivitetsdagar!*

## OVERSIKT AKTIVITETAR

Dato - Klubb	Aktivitet	Tidspunkt	Stad	Aldersgruppe
Tysdag 21. november Stord Ski	Rulleski	kl. 18.00–19.00	Prestegardsskogen, Nordbyggdo	8 år–12 år
Laurdag 25. november Stord Tennisklubb Stord Tennisklub,	Introduksjon til tennis Introduksjon til tennis	kl. 14.00–15.00 kl. 15.00–16.00	Rackethallen, Vikahaugane Rackethallen, Vikahaugane	10–14 år 15–18 år
Tysdag 28. november Stord Ski	Rulleski	kl. 18.00–19.00	Prestegardsskogen, Nordbyggdo	8–12 år
Måndag 4. desember Stord Undervanns-klubb Stord Undervanns-klubb	Organiserte aktivitetar i basseng Organiserte aktivitetar i basseng	kl. 19.00–20.00 kl. 20.00–21.00	Symjehallen i Kulturhuset Symjehallen i Kulturhuset	10–13 år 13–18 år
Tysdag 12. desember Stord Karateklubb	Introduksjon i karate	18.00 til 19.00	Gymsalen på Tjødhalio skule Gjerne born og vaksne som ynskjer å prøva saman	Opent for alle.
Måndag 18. desember Stord Undervanns-klubb Stord Undervanns-klubb	Organiserte aktivitetar i basseng Organiserte aktivitetar i basseng	kl. 19.00–20.00 kl. 20.00–21.00	Symjehallen i Kulturhuset Symjehallen i Kulturhuset	10–13 år 13–18 år



Tag Photo

Options

Se også:

<https://www.facebook.com/buastord/>

<https://www.facebook.com/StordSjakk/>

Nettannonse:

Har du lyst prøva ein  
**NY  
AKTIVITET?**

*Klikk her for info  
og  
aktivitetskalender!*



Mobilannonse:

Har du lyst pr va eIn  
**NY AKTIVITET?**

*Klikk her for info og aktivitetskalender!*



The logo consists of a white circle with the word "STORD" at the top and "SENTRAL" at the bottom. Overlaid on this circle is the word "FRIVILLIG" in a bold, black, sans-serif font, tilted slightly upwards to the right.